

Referat frå Soknerådsmøte 13.02.2024

Tid: Tirsdag 13. februar kl 16.30

Stad: Kyrkjestugu

Desse møtte:

Liv A Solberg Leveld sokn, Frøydis Stoveland Dekko Torpo sokn, Arne Slåtten Torpo sokn

Ingrid K Hajem Ål sokn, Anne Kjersti Frøyen Ål sokn, Audun Vestenfor Ål sokn

Arild Øystese Hansen Ål sokn. Inger Elise Kaslegard møtte for Inger Haug.

Prost Sveinung Hansen møtte i sak 89/24

Marianne Laa, 1 vara møtte

Forfall: Geir Wiknes Sokneprest, Inger Haug

Opning v/ Liv Solberg

Fadervår

SAKLISTE:

Sak 83/24 Godkjenning av innkalling og referat frå forrige møte.

Ingen merknader.

Sak 84/24 Godkjenne Offerliste fram til 26.06.2024.

Forslag til godkjenning offerlistelagt vart lagt fram i møtet. Frøydis las kjapt gjennom offerlista fram til sommaren. Sjå oppdatert liste. Familievernkontoret vart også lagt inn på offerlista i Leveld kyrkje.

Offerliste godkjend og sendt til kyrjekontoret.

Sak 85/24 Økonomi og framlegg til budsjett.

Budsjettforslaget var sendt ut til medlemmene i soknerådet før møtet.

Guro Stave frå adm. kom for å orientere oss om budsjett og rekneskap frå dei ulike sokna.

Forslag til budsjett for 2024 for alle tre sokna vart lagt fram i møtet.

Nytt i år: Babysong går no både ut og inn av fellesrådet for at dette skal bli meir ryddig. Det er oppretta ein eigen post som heiter «arrangement i kyrkja».

Merknad frå Inger Elise Kaslegard: Renteinntekter er ikkje rekna inn i budsjettet.

50-års-konfirmantar: 2/4 blir ført på Ål, ¼ på Leveld og ¼ på Torpo.

Med merknad om at renteinntekter blir lagt inn, blir budsjettforslaget vedteke for alle tre sokn.

Sak 86/24 Kyrkjelydsbladet

Kyrkjeverje har meldt frå om at ho kan ta ansvar for første utgåve. Deretter må det finnast ei løysing vidare. Diakonen er aktivt med i dette arbeidet inntil vidare. Det kom forslag på Tor Folgerø, Torbjørn Gunhildgard, Sigmund Krøvel-Velle, Viel Vestenfor, Sigbjørn Gunhildgard, Solveig Ragnhildstveit og Magny Folkedal.

Me gjorde vedtak på eit honorar på 10 000 kr.

To frå soknerådet skal veljast inn i komité for kyrkjelydsblad i dagens møte.

Desse følgjer opp dette arbeidet vidare. Inger Elise og Arne Slåtten er valgt. Desse får mandat til å jobbe vidare med å engasjere redaktør/redaktørteam.

Arild minna om at førre sokneråd hadde ein plan for digitalisering av kyrkja og der å marknadsføre kyrkja i andre kanalar. Dette bør soknerådet arbeide med vidare i eiga sak.

Sak 87/24 Jubileumstreff for 50 års konfirmantar.

Kvart år blir 50 års konfirmantane invitert til gudsteneste, fotografering og middag på Gjestestugu. Dette er lagt til folkemusikk-gudstenesta i folkemusikkveka 26. mai 2024.

Det trengst ein eller to frå soknerådet til å vere vertskap for arrangementet. Prisen er om lag 500,- pr. person for småmat, marsipankake og drikke.

Vedtatt at Anne Kjersti og Ingrid tek på seg dette oppdraget.

Sak 88/24 Utval

Godkjenning av forslag til utval. Namna i feit skrift tek initiativ til møter.

Arild meiner at Misjonsrådet kanskje bør ha med ein i frå soknerådet, og Liv er spurt. Ho vil tenkje på dette fram til neste møte.

Strategiutval; Audun Vestenfor, Inger Haug, Arne Slåtten, Arild Hansen og **sokneprest**.

Diakoniutval; Liv Solberg, Kari Kristine Flatland, Egil Kolsrud, Frøydis S. Dekko og **diakon** (*Tor Sletten er spurt*)

Trusopplæring; Ingrid Hajem, Anne Kjersti Frøyen, Marianne Laa, *Karoline Tveito* samt ein **tilsett frå staben (Elin eller Ole Johnny)**

Gudstenesteutval; Liv Solberg, Wenche Skår Ekse, (*Kjellfred Dekko*) kantor og **sokneprest**.

Sak 89/24 Bispevisitas, veke 11

Program blir orientert om i møtet av Sveinung Hansen. Biskopen er her frå måndag ettermiddag til torsdag + på sundagen.

Soknerådet er ansvarleg for kyrkjekaffi 17. mars.

Drøfta tankar og tema for samtalen med biskopen i vårt soknerådsmøte den 13. mars kl. 19.00.

AU for sokneråd og fellesråd møtast for å lande innspel til tema. Dette meldes vidare til sokneprest/prost og biskop. Soknerådet får dette tilsendt etter felles AU.

Sak 90/24 Årsmøte for Torpo, Leveld og Ål sokneråd.

Årsmøte blir lagt til **måndag 8. april kl 18.00 på Kafe Tid**.

Elin frå kyrkjekontoret er i gang med å innhente årsmeldingar.

Evt

-Spørsmål frå kyrkjekontoret om å datofeste BUK. Skal det arrangerast i år?

- Spørsmål frå kyrkjekontoret om å sjå på rekruttering til klokkarteneste og kyrkjevertar.

Vert utsett til neste møte.

Orienteringssaker

Orientering om innspill og endring i sak 73/23 frå soknerådsmøte i november-23.

«Supertysdag for familiar som har lite å rutte med – er endra til – er eit sosialt samvær for småbarnsfamiliar der alle kan kjøpe middag til ein billig penge».

Dette er endra i protokoll som er lagt ut på vår nettside.

Ref: Audun Vestenfor